

# KROPPEN SOM POLITISK ONTOLOGI

MEISTERBREV VED  
JON FURHOLT



*Kva handlar masteroppgåva di om?*

I oppgåva freistar eg fyrst å etablere eit omgrep om «det politiske» som knytter seg til det som viser seg som politiske fenomen. Med utgangspunkt i dette omgrepet freistar eg å modellere grunnrisset for ein *politisk ontologi* med hjelp av den kroppslige ontologien til den franske filosofen Maurice Merleau-Ponty.

*Kva argumenterer du for/mot i oppgåva?*

Eg argumenterer for at vi treng ein politisk ontologi som ser på den måten politiske fenomen faktisk er politiske på, og at det ontologiske og politiske bidraget som Merleau-Ponty legg for dagen, gjev oss høve til å tenkje nett «det politiske». Kroppen har ein særskild ontologisk struktur – eller som Merleau-Ponty meir radikalt seier det: kroppen er ein prototype på Veret – og gjennom å forstå denne og korleis kroppen *gjer seg sjølv politisk* kan vi forstå konstitusjonen av politiske fenomen.

*Kvifor bør andre lese oppgåva di?*

For det fyrste fordi fenomenologi framleis er sørgjeleg gløymt og gøymt på Blindern, og for det andre fordi denne måten å drive politisk filosofi på skil seg frå den meir klassiske, normative teorien, og kan difor vere eit anna og interessant perspektiv. Merleau-Ponty er på veg inn att – det er viktig å vere hippogkul nok til å vere før alle andre.

*Kva er planane dine for framtida?*

Eg satsar på å få meg arbeid som gjer at eg ikkje treng å setje foten min utanfor Blindern, slik at eg kan fråtse i fetaostchattaen på Niels resten av livet.